



# DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

## Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
Ål, Møte 02.12.2025

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 18.45

### Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Audun Vestenfor (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål)

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål).

### SAKSLISTE:

SR-sak 50/25: Godkjenning av referat frå møtet 11.11.25 og innkalling 02.12.25

SR-sak 51/25: Samtale med tilsette i Ål kyrkjelege fellelråd

SR-sak 52/25: Gudstenesteliste 2026

SR-sak 53/25: Offerfordeling i 2026

SR-sak 54/25: Misjonsrådet: Referat og val av nytt prosjekt

SR-sak 55/25: Gåve til Leveld kyrkje frå Nordbygdene bygdekvinnelag

SR-sak 56/25: Orienteringssaker

SR-sak: 57/25: Utlysingstekst ny kapellan Hol & Ål

SR-sak 58/25: Open post frå sokneprest

Evt: Frå leiarforum; økumenikkpris og juletrefest. Endringar i utvala.

Frøydis Stoveland Dekko

Leiar

Kristoffer Krohn Sævre

Kyrkjeverje

## SR-sak 50/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 11.11.25 OG MØTEINNKALLING 02.12.25

### Saksdokument:

Møtebok frå møtet 11.11.2025

### Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 11.11.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 02.12.2025 er lagt fram for godkjenning.

### Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025

#### VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 11.11.2025.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 02.12.2025.

## **SR-sak 51/25: SAMTALE MED TILSETTE I ÅL KYRKJELEGE FELLESRÅD**

### **Saksframlegg:**

Soknerådet inviterer ein gong i året dei tilsette i Ål kyrkjelege fellesråd for å takke og anerkjenne den jobben dei gjer, og for å snakke saman om trivsel og planar for det komande arbeidsåret. Staben deltok i eit enkelt måltid samt den fyrste timen av soknerådet.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet takkar dei tilsette ved Ål kyrkjelege fellesråd for det arbeidet dei gjer!

## **SR-sak 52/25: GUDSTENESTELISTE VÅREN 2026**

### **Saksframlegg:**

Soknerådet fekk presentert eit utkast til gudstenesteliste for 2026 i oktobermøtet. Soknepresten har no lagt inn forslag til revideringar slik at gudstenestelista kan vedtakast av soknerådet. Vårhalvåret er meir spesifikt enn hausthalvåret, og det vil verte mogeleg med endringar i løpet av året.

### **Frå samtalen:**

Misjonssundag må inn og presentere nytt prosjekt. 8. februar mogeleg ny dato.

Ingvard har fått fornya godkjenning til å ha gudstenester. Mogeleg å legge inn meir i Vats fjellkyrkja.

Sommerplanen bør inkludrast i oppdatert gudstenesteliste.

Plan om å lage standardprogram, slik at printa program blir unntaksvis.

Forslag om at kveldsgudstenester blir kl 18 som fast tidspunkt.

Folkemusikkveka; torsdagen folkemusikkgudsteneste + 50-årskonfirmanter. Fest og mat.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for våren 2026 som presentert.

## **SR-sak 53/25: OFFERFORDELING VÅREN 2026**

### **Saksframlegg:**

Soknepresten har utarbeida eit forslag til offerfordeling for vårhalvåret 2026 basert på tidlegare offerliste – sjå same dokument som gudstenestelista. AU anbefalar at soknerådet ser gjennom og vurderer om det er tjenlig å ha færre mottakere på offerlista.

### **Frå samtalen:**

Offerlista tok utgangspunkt i lista frå 2025. Fantest eit vedtak om andel til eige arbeid, antakeleg utdatert.

Soknerådet treng ikkje meine noko om kvart einaste offer.

Få som gjev til ofringa kvar sundag. Mogeleg det spelar inn at me gjev til mykje forskjellige. Anbefalt å minske antal organisasjonar.

Forslag om å gje mandat til sokneprest å trimme lista noko ned og vekte nokre færre.

Gjevarteneste bør planleggast og kommuniserast – kan diskutast på nyåret i soknerådet.

Ytra ynskje om å kople innhald/målgruppa og ofringa der mogeleg.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet vedtek offerfordelinga for våren 2026 som presentert.

## **SR-sak 54/25: MISJONSRÅDET: REFERAT OG NYTT MISJONSPROSJEKT**

### **Saksframlegg frå Misjonsrådet:**

Misjonsrådet ønsker å invitere NLM tilbake i Misjonsrådet.

Misjonsalliansen har p.t. ikke representanter og/eller forening i Ål og vil derfor heller ikke ha noen representant i MR.

Rotasjonsliste for misjonsprosjekter:

- NMS
- Normisjon
- Himalpartner
- NLM, dersom de velger å være med i MR.

Normisjon ynskjer fylgjande prosjekt for perioden 2026-2028: «Trygg barndom i Senegal»

Organisert som International Child Development Program.

Ål Misjonsråd støtter dette valet av prosjekt for perioden 2026-28.

Gunnvor Kreken informerte om prosjektet i soknerådsmøtet.

### **Frå samtalen:**

Misjonsrådet bør sette opp budsjett/mål for kor mykje ein vil samle inn.

Set gjerne opp konkrete punkter om kva pengane vil gå til slik at det kan kommuniserast godt og forståeleg.

Bør formidlast i både Kyrkjebladet, til Eldretreff, konfirmantar m.m.

Misjonsdagen endrar dato – Misjonsrådet sjekkar om representanten kan kome 8. februar

Bør skaffast plakatar og brosjyrar som kan brukast i kyrkjene.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet takkar for referatet, og vedtar «Trygg barndom i Senegal» i Normisjon som neste misjonsprosjekt for 3-årsperioden 2026-2028.

## **SR-sak 55/25: GÅVE TIL LEVELD KYRKJE FRÅ NORDBYGDENE BYGDEKVINNELAG**

### **Saksframlegg:**

Nordbygdene bygdekvinnelag gjev ei gåve på 3000 kroner til Leveld kyrkje med forslag om å kjøpe nye blomstervasar. Kyrkjetenarane er einige i at det vil vere heldig med nye vasar i Leveld kyrkje.

Inventar skal godkjennast av bispedømmet/representant. Forslag må sendast inn og godkjennast før det vert plassert i kyrkja.

Leveld sine soknerådsrepresentantar bes om å gå i dialog med bygdekvinnelaget om gåve og kommunisere behovet for godkjenning.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet takker for gåva.

## **SR-sak 56/25: ORIENTERINGSSAKER**

### **Saksframlegg:**

- 1) Markering av ny nynorsk truvedkjenning fann stad torsdag 27. november kl 18 med biskopen til stades.
- 2) «Kirka vår» er ein ny digital plattform der alle aktivitetar planlagt i 2026 skal leggjast inn. Soknerådet vil bli presentert for «Kirka Vår» i januarmøtet.
- 3) Lys vaken som var planlagt 8.-9. november vart utsett til 7.-8. mars 2026 grunna sjukemelding.
- 4) Referat frå sist møte i Tunsberg bispedømmeråd finn de her: [Protokoll Tunsberg bispedømmeråd 18.11.2025](#)
- 5) Juletreffest 4. januar kl 17. Behov for 2 personar til å bidra i kjøkkenteneste (frå kl 16).
- 6) Økumenikkprisen skal kopierast. Originalen vil henge hos Normisjon / Evjens minne.
- 7) **Endringar i utval:**  
Diakoniutvalet: Berit Svarteberg Haugo erstattar Tor Sletten  
Utval for folkemusikkutvalet: Audun Flaen har sagt ja, han erstattar Kjellfred Dekko.  
Audun Flaen går samtidig ut av gudstenesteutvalet.  
Wenche Skår-Ekse har blitt del av trosopplæringsutvalet etter Marianne Laa.
- 8) Frå leiarforum: Vil kome program for felleskristeleg bønneuke. Oppmuntring om å delta på kvarandres arrangement.
- 9) Val av soknerådsleiar for 2026 vil bli gjort i januarmøtet.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet tek orienteringane til etterretning.

## **SR-sak 57/25: UTLYSINGSTEKST KAPELLAN HOL OG ÅL**

### **Saksframlegg:**

Det skal lysast ut etter ny kapellan til Hol og Ål. Presten vil ha kontorstad i Hol, men jobbe også i sokna i Ål. Soknerådet er bedt om å gje innspel til vedlagte utlysingstekst, samt utnemne ein representant til å delta i intervju av søkjarar i slutten av januar. Stillinga vil ha søknadsfrist i januar, og soknerådet vil bli bedt om å sende uttalelse innan 12. februar før vedtak om tilsetjing blir fatta.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet gjev sin tilslutning til utlysingsteksten utan innspel.

Soknerådet utnemner soknerådsleiar Frøydis Stoveland Dekko til å ta del i tilsetjingsutval og intervju.

## **SR-sak 58/25: OPEN POST FRÅ SOKNEPRESTEN**

### **Saksframlegg:**

Soknepresten vil få ein fast open post i soknerådsmøta.

Soknepresten informerte om samarbeid med diakoniutvalet der konfirmantane lagde til 130 lys og kort som skal delast ut til eldre i desember. Fint oppslag i Hallingnytt 2/12.

### **Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 02.12.2025**

#### **VEDTAK:**

Soknerådet takkar soknepresten for orienteringane.

*Neste møte: 20. januar 2026*

*Mogeleg ekstra møte 3. februar for å gje innspel til tilsetjing av ny kapellan til Hol og Ål.*